
Saksnr: 2020/36559-42
Saksbehandlar: Tor Andreas Titlestad

Saksgang

Utval	Utv.saksnr.	Møtedato
Hovudutval for kultur, idrett og integrering		25.03.2021
Fylkesutvalet		26.03.2021

Regionalparkar. Brei verdiskaping på kulturmiljøfeltet. Retningsliner for ei ny tilskotsordning, gjeldande frå 2022

Forslag til innstilling

1. Fylkesutvalet meiner regionalparkane er gode modellar for lokal og regional samfunnsutvikling og vil støtte opp om arbeidet gjennom eigne ordningar.
2. Fylkesutvalet sluttar seg til retningsliner og kriterium for tilskotsordninga «Regionalparkar. Brei verdiskaping på kulturmiljøfeltet».
3. Fylkesutvalet ber administrasjonen om legge fram sak om dei økonomiske konsekvensane i samband med Arbeidsdokument 2/2021.

Samandrag

Fylkesutvalet gjorde 26.11.2020 vedtak om at det skulle etablerast ny tilskotsordning, Regionalparkar, brei verdiskaping på kulturmiljøfeltet. Framlegg til innretting og retningsliner ligg no føre. Dei tek opp i seg Vestland fylkeskommune sine intensjonar om å vere ein aktiv medspelar med kommunane i dei utviklingsprosessane som regionalparkane er del av.

Rune Haugsdal
fylkesrådmann

Per Morten Ekerhovd
fylkesdirektør

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har difor inga handskriven underskrift

Saksutgreiing

Bakgrunn for saka

Vestland er det fylket i landet som har flest regionalparkar. Desse er:

- Sunnhordland Geopark (som gjerne vil utvikle seg til UNESCO Geopark)
- Nordhordland UNESCO Biosfæreområde
- Nærøyfjorden Verdsarvpark - Vestnorsk fjordlandskap, UNESCO verdsarv
- Sognefjorden Kystpark (som gjerne vil utvikle seg til UNESCO Geopark)

07.11.2019 søkte HAFS Regionråd (kommunane Hyllestad, Askvoll, Fjaler, Gulen og Solund) om støtte til eit utviklingsprosjekt for å utvikle Sognefjorden Kystpark til UNESCO Geopark. Det synte seg at Vestland fylkeskommune ikkje hadde ordningar som kunne utløyse midlar til dette føremålet. Situasjonen i 2020 var at HAFS-regionen fekk økonomisk støtte frå kommunane og statlege midlar gjennom paraplyorganisasjonen for regionalparkane i Noreg, Norske Parker, men altså ikkje frå fylkeskommunen.

Regionalparkane representerer nye modellar for verdiskaping og lokal samfunnsutvikling, og 26.11.2020 kom saka om fylkeskommunale medverknad, Regionalparkar, brei verdiskaping på kulturmiljøfeltet, opp i fylkesutvalet.

Fylkesutvalet gjorde slikt vedtak i [PS 235/2020](#):

1. Fylkesutvalet meiner at regionalparkane i Vestland som er etablerte eller er under etablering, er gode regionale utviklingstiltak. Vestland fylkeskommunen er ein medspelar på denne typen verdiskaping, og vil stø initiativ i kommunar og lokalsamfunn.
2. Fylkesutvalet ber fylkesrådmannen vurdere satsing for å sikre brei verdiskaping på kulturmiljøområdet, og som også er retta mot utviklingstiltak i regionalparkane. Evt. nye ordningar skal forvaltaast av Hovudutval for kultur, idrett og integrering.
3. Økonomiske behov vert å sjå i samanheng med budsjettet for 2022.
4. Fylkesutvalet ber fylkesrådmannen om å legge fram forslag til retningslinjer og innretting av ei eventuell tilskotsordning.
5. Fylkesutvalet løyver kr. 100.000 frå fylkesutvalet sin rådeveldekonto (kontostreng: 100110.149000).

Frå saksframlegget [PS 235/2020](#):

Kva er ein regionalpark?

Ein regionalpark vert etablert innanfor ein avgrensa geografi. Ivaretaking av regionen sitt landskap, kulturarv og identitet står sentralt. Arbeidet skal gjerast gjennom berekraftig samfunnsutvikling, og byggjer på eit nedanifrå-og-opp perspektiv, der lokalt engasjement er den sentrale drivkrafta.

Regionalparkane bygger sitt arbeid på pilarane ivaretaking, utvikling og samarbeid. Målet er å sikre berekraftig utvikling basert på regionen sine natur- og kulturressursar, etablere samarbeidsplattformer for offentlege, private og næringsaktørar, jobbe «bottom-up» med brei forankring og involvering og styrke den lokale/regionale identiteten («vår region, vår park»). Parkane utløyser på denne måten frivilligheit og sosial verdiskaping gjennom partnerskap, samhandling og medverknad.

Døme på oppgåver som vert utført av regionalparkane er landskapsskjøtsel for å hindre attgroing og tap av naturmangfald, bevaring av kulturlandskap, tradisjonshandverk og verneverdige bygg, miljø- og friluftsprosjekt, formidlings- og tilretteleggingstiltak, samt utvikling av opplevingspakkar for reiselivet.

Frå Norske Parker si heimeside:

«Parkene vil i sin struktur og virksomhet søke å være lokalt og regionalt forankret. Lag og organisasjoner, det offentlige og næringslivet skal søke et forpliktende og langsiktig samarbeid med utgangspunkt i en parkavtale/charter. Parkene vil øke lokalsamfunnets

verdsetting og ivaretaking av natur- og kulturverdier, slik at disse bidrar til bred verdiskaping. Formidling, engasjement og deltakelse står sentralt i denne prosessen. Parkene har en bred og bærekraftig tilnærming til verdiskaping. Med forankring i den Europeiske landskapskonvensjonen vil parkene fremme: Økonomisk verdiskaping gjennom en bærekraftig foredling av lokale ressurser og en styrking av lokale produkter og tjenester».

Oppfølging av vedtak

Fylkesutvalet vedtakspunkt 2 i [PS 235/2020](#) 26.11. 2020 «ber fylkesrådmannen vurdere satsing for å sikre brei verdiskaping på kulturmiljøområdet, og som også er retta mot utviklingstiltak i regionalparkane.»

Fylkeskommunal medverknad vil ha to siktemål: 1. Hjelpe initiativa fram, og 2. Sikre drifta i parkane.

I høve pkt 1 meiner fylkesrådmannen at det er relevant å stø opp under utviklinga av sjølve parkane, t.d. når det gjeld å kvalifisere seg i UNESCO-samanheng, men også med grunnlag i fylkeskommunen si rolle som medspelar i regionale verdiskapingsprosessar. Fylkesrådmannen ser at dette også kan løyse ut statleg medverknad, til dømes frå Miljødirektoratet si ordning knytt til [verdiskaping basert på naturarven](#) eller Riksantikvaren sin post 77, [Verdiskaping på kulturmiljøområdet](#).

Pkt 2 gjeld støtte for å sikre drift av parkane.

Fylkesrådmannen legg til grunn at regionale utviklingsmidlar og driftsstøtte til parkane føreset kommunal medverknad og engasjement.

Vi legg opp til ei todeling av saksprosessen vidare:

1. **Politisk sak Kuli/Fuv 25. og 26. mars**
Denne saka vert å sjå som ei prinsippsak som syner oppfølginga av vedtak frå 26.11.2020.
2. **Politisk sak til Finansutvalet/Økonomiske konsekvensar**
Administrasjonen presenterer dei økonomiske konsekvensane i politisk sak i samband med Arbeidsdokument 2/2021.

Ny innretting og nye retningslinjer for Regionalparker. Brei verdiskaping på kulturmiljøfeltet. Kommenterar

Innrettinga og dei nye retningslinjene har teke inn over seg fylkesutvalet sine intensjonar, slik dei går fram i PS 235/2020:

Etablering av ei ny ordning

Med det store omfanget av parkar i Vestland, meiner fylkesrådmannen at Vestland fylkeskommune bør kunne ta eit medansvar for å byggje opp kompetanse og verkemidlar på dette feltet. I kulturarvsamanheng handlar dette ikkje om einskilde kulturobjekt, men om heile kulturmiljø. I verdiskapingssamanheng, handlar parkmodellane like mykje om sosial, kulturell og miljømessig verdiskaping som økonomisk. Ei slik kompetansebygging vil vere fullt ut i tråd både med nasjonale kulturmiljømål og med regionale planar på kulturfeltet. Samstundes vil det bidra til ei meir tverrsektoriell tilnærming for å utvikle regionale satsingar i Vestland og bidra positivt til kunnskapsutvikling på området. Det vil også bidra til meir føreseielege rammer, samt høve til å vurdere regionalparksatsingane frå dei to tidlegare fylka Hordaland og Sogn og Fjordane under eitt. Sistnemnde vil gje moglegheit for ei likeverdig handsaming av regionalparkinitiativa i Vestland.

Forslag til nye retningslinjer gjeldande frå 2022, er lagt ved saka.

For på best mogleg måte stimulere til gode prosessar i regionalparkane inneheld *Regionparker. Brei verdiskaping på kulturmiljøfeltet* to ordningar:

- A. Regionalparker - driftstilskot
- B. Regionalparker - utviklingstilskot

Det kan søkjast på:

- A. Regionalparkar - driftstilskot
- B. Regionalparkar - utviklingstilskot
- C. Begge delar

Tilskotsordninga er ei tverrsektoriell ordning som rettar seg mot både økonomisk, sosial, miljømessig og kulturell verdiskaping. Ordninga er innretta for parkar med godkjenning som regionalpark, eller med UNESCO - godkjenning, anten som verdsarv, biosfære eller geopark. Berre dei som har ansvar for drift av parkane kan stå som søkjarar.

Dei regionale tilskota til brei verdiskaping har forpliktande medverknad frå dei aktuelle kommunane som føresetnad.

Vedtakskompetanse
Fylkesutvalet

Vurderingar og verknader

Økonomi: Økonomiske konsekvensar vert presenterer i politisk sak i samband med Arbeidsdokument 2/2021.

Klima: Tiltaket er ikkje av ein karakter for forureinar ytre miljø.

Folkehelse: Regionalparkane stimulerer til fysisk aktivitet og friluftsliv.

Utviklingsplan for Vestland 2020-2024 (Regional planstrategi):

Ordninga stettar fleire av utviklingsplanen sine mål og strategiar.

Mål 1: Vestland som det leiande verdiskapingsfylket og nasjonal pådrivar for eit regionalisert og desentralisert Noreg», strategi 1.2, 1.3.

Mål 2: «Klima og miljø som premiss for samfunnsutviklinga, strategi 2.1, 2.2.

Mål 3: «Lokalsamfunna som ramme for gode kvardagsliv», stategi 3.1.

Mål 4: «Like moglegheiter til å delta i verdiskaping», strategi 4.1.

Konklusjon

Fylkesrådmannen meiner innrettinga og dei nye retningslinene speglar parkane sine behov og fylkeskommunen sine intensjonar og ambisjonar. Dei økonomiske behova vert å sjå i samanheng med budsjett 2022 og økonomiplan.